



Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane 23.januar 2023

Møteleiar: Marita Aarvik

Sekretær: Randi Holsen Solheim

Tid: Kl 11.00 - 16.00

Stad: Førde sentralsjukehus – styrerommet 3.etg i Hildrabygget

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Cesilie Udberg Helle	FFO (Mental helse)	
Arne Hovland	FFO	
Solfrid Fossberg	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Tom André Faye	A-larm	
Stein Erik Øvrebø	SAFO	
Lene Hetle	SAFO	x
Grethe Fischer	Kommunalt råd	
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	<i>X delvis fråvær</i>
Vara:		
Gerd Torkildson	Pensjonistforbundet	
Øystein Jarle Wangen	Kommunalt råd	
Eirik Dahl	Fylkeskommunalt råd	
Michael Milde	FFO Norges Blindeforbund	
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Øystein Rynningen	FFO Norsk Revmatikerforbund	x
Linda Blålid	FFO CP-foreningen	
Cindy Litlabø	Kreftforeningen	

Tid	Nr	Saker
11.00	1/ 2023	Velkommen v/ leiar Marita Aarvik
11.10	2 /2023	Presentasjonsrunde av det nye brukarutvalet
11.45	Matykt	
12.15	3 /2023	Helse Førde sine forventningar til felles brukarutval – utvalet sitt mandat v/administrerande direktør Arve Varden Organisasjonsstruktur HFD
13.00	4/202 3	Om samhandling med kommunane, samhandlingsnettverk og råd til medlemmane om korleis dei best kan ivareta rolla som felles

		brukarutval v/kommunalsjef Kurt Even Andersen, Sunnfjord kommune Kommunal organisering
13.45	5/202 3	Erfaringsdeling, med råd og tips til det nye utvalet v/avtroppande leiar av FBU Eiliv Berdal
14.00	6/202 3	Organiseringa av arbeidet i brukaruvalet. Handtering og administrering av medlemmane si deltaking i prosjekt-, råd og utval. Eventuelt bruk av ressurspersonar utanfor utvalet til å vere brukarrepresentantar?
14.30	7/202 3	Open post – utvalet sin time: Leiar Årvik presenterer skisse til handlingsprogram inkludert årshjulet - diskusjon om handlingsprogram og arbeidet vidare <ul style="list-style-type: none"> • Børge Tvedt og Elin Therese Sørbotten sine roller i FBU • Funksjonen som brukarrepresentant – Teieplikt • Gjeldande retningslinjer for brukarrepresentasjon er utsend på førehand – aktuelt fokus på delar av retningslinjene? Aktuelt nytt frå sekretariatet: <ul style="list-style-type: none"> • Orientering om eiga rolle/ funksjon – obs innhenting av kontonummer for honorar, rutine for reiserekningar etc Obs fotografering av utvalet v/Per Marifjæren ca kl 14.30
Nr	Referat	
1/ 2023	Leiar Marita Aarvik helsa det nye brukarutvalet velkommen til møtet og funksjonsperioden, samstundes som ho også med å presentere seg sjølv	
2 /2023	innleia til gjensidig presentasjonsrunde for utvalsmedlemmane.	
3 /2023	Administrerande direktør Arve Varden presenterte utvalet sitt mandat, samt Helse Førde sine forventningar til felles brukarutval. Her orienterte Varden også om den overordna oganisasjonsstrukturen i helseføretaket. Helse Førde var også representert med utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven som orienterte utvalet om arbeidet med utviklingsplanen i Helse Førde. Sjå elles PP-presentasjon.	
4/202 3	Kommunalsjef Kurt Even Andersen frå Sunnfjord kommune orienterte om samhandling med kommunane, samhandlingsnettverk og kom med råd til	



	<p>medlemmane om korleis dei best kan ivareta rolla som felles brukarutval. Presentasjonen inngår i samlepresentasjonen som fylgjer referatet.</p>
5/202 3	<p>Leiar av FBU i forrige funksjonsperiode Eiliv Berdal ønskte det nye utvalet lukke til i arbeidet, og samstundes med at han delte eigen erfaringar kom han med råd og tips til det nye utvalet. Sjå eigen presentasjon.</p>
6/202 3	<p>Litt på overtid orienterte leiar Marita om tradisjon for nyval av medlemmar til ulike prosjekt, råd og utval. I gjennomgangen av ei førebels oppdatert oversiktsliste melde representantane seg i tur og orden til nye oppdrag. Sekretariatet sender ut oppdatert liste når denne er klarert med aktuelle prosjektleiarar.</p>
7/202 3	<p>Open post – utvalet sin time vart pga tidsklemma noko amputert.</p> <p>Kort gjennomgang av skisse til handlingsprogram inkludert årshjul – mindre diskusjon om handlingsprogram og arbeidet vidare. Leiar og sekretær kvalitetssikrar aktuelle datoar.</p> <p>Kort orientering om sekretariatsrolle/ funksjon – rutine for teieplikterklæring, reiserekningar med kontonummer for honorar etc. Sekretær sender ut aktuelle informasjon – og resten går på mailutveksling. Informasjon om Helse Vest si opplæringsøkt for nye brukarrepresentantar som i år vert gjennomført digitalt 9.mars.</p> <p>Per Marifjæren fotograferte utvalsmedlemmane.</p>

